

## Notat , kunnskapsgrunnlag for Sauda ungdomsskule

- Sauda ungdomsskule hadde 7,5 % spesialundervisning i 2023-24
- Resultat nasjonale prøvar for 9.trinn blir gjennomført på områda lesing og rekning.
  - Resultat lesing: Same snitt for land, basert på dei tre siste år.
  - Resultat rekning: I to av dei tre siste år har resultat vore under landssnitt. Eitt år same snitt som land.
- Skulebidragsindikator, dvs kva skulen tilfører elevane av læring, viser negativt bidrag for Sauda ungdomsskule dei siste tre målingar. Ved siste måling blei bidraget målt mindre negativt, og gir såleis ei positiv utvikling.
- Elevundersøking, snittresultat for 10.klasse dei siste tre år:
  - Trivsel: ca same snitt som land tre siste år
  - Støtte frå lærar: Like under snitt for landet i to av tre år, same snitt som landet siste år.
  - Motivasjon: Snitt under land to av tre siste år. Same snitt som land eit år.
  - Mobbing: Høgare snitt enn land to av tre siste år. Under snitt eit år.
- Det er avvik på arealkrav til arbeidsplassar for lærarane også ved Sauda ungdomsskule
- Lærarnorm: Snitt for dei tre siste år er 15,25 elevar per lærar ved Sauda ungdomsskule. Nasjonale lovkrav er maks 20 elevar per lærar.
- Sauda ungdomsskule strevar med å rekruttere lærarar med godkjent kompetanse til å undervise i fag. For skuleåret 2023-24 er det tilsett 4 lærarar som ikkje innfrir krav for tilsetting som lærar. 16 lærarar underviser i fag dei ikkje har godkjent undervisningskompetanse i.

For skuleåret 2024-25 ser situasjonen noko betre ut for faga norsk, engelsk og matematikk. Det er framleis utfordringar med rekruttering for dei andre faga. Sauda ungdomsskule skal ha fleire lærarar med i vidareutdanning 2024-25.

- Samanlikning av ressursar med referanseskular av same storleik: Sauda ungdomsskule ligg noko over snitt for årsverk til undervisning, men noko under for årsverk til leiing.

Ungdomsskular 167-200										
Kommune	Skule	År	Årsverk Elevar leiing	Samla årsverk pedagog	Årsverk til undervisning	Årsverk ordinær undervisning	Spesped/sær- skilt norsk	Elevar per pedagog-årsverk	Assistent/ andre	
Stange	Stange ungdomsskole	2023-24	200	1,5	19,7	17	13	4	10,2	3,3
Åsnes	Åsnes ungdomsskole	2023-24	200	2	27,6	24,8	15,3	9,5	7,2	6
Stryn	Stryn ungdomsskule	2023-24	197	2,5	25	22,4	16,7	5,7	7,9	1,6
Nord-Fron	Vinstra ungdomsskole	2023-24	192	1,6	27,7	24,4	18,4	6	6,9	2
Øygarden	Øygarden ungdomsskule	2023-24	192	2,4	25,6	18,5	12,5	6	7,5	4,8
Fredrikstad	Vestbygda ungdomsskole	2023-24	192	1,8	20,1	17,9	13,2	4,7	9,6	2,6
Rauma	Åndalsnes ungdomsskole	2023-24	182	2,2	19,9	17,9	14,4	3,5	9,1	1,6
Farsund	Farsund ungdomsskole	2023-24	179	2	22,3	19,2	15	4,2	8,0	3
Eidskog	Eidskog ungdomsskole	2023-24	179	2	22	19,3	15,6	3,7	8,1	10
Hå	Varhaug ungdomsskule	2023-24	179	1,4	16,8	14,4	11,7	2,7	10,7	5,1
Frøya	Frøya ungdomsskole	2023-24	178	2	18,9	17,3	14,5	2,8	9,4	2,4
Vestnes	Helland ungdomsskule	2023-24	171	2	19,1	17,5	12,9	4,6	9,0	3,7
Time	Frzyland ungdomsskule	2023-24	171	1,3	20	17,9	12,5	5,4	8,6	3,2
Grimstad	Holviga ungdomsskole	2023-24	167	1,3	19	16,8	14,7	2,1	8,8	3,1
<b>Gjennomsnitt</b>	<b>u-skular snitt 184 elevar</b>	<b>2023-24</b>	<b>184,2</b>	<b>1,9</b>	<b>21,7</b>	<b>19,0</b>	<b>14,3</b>	<b>4,6</b>	<b>8,5</b>	<b>3,7</b>
<b>Sauda</b>	<b>Sauda ungdomsskule</b>	<b>2023-24</b>	<b>184</b>	<b>1,7</b>	<b>24,3</b>	<b>22</b>	<b>13</b>	<b>9</b>	<b>7,6</b>	<b>3,7</b>

Kjelde: GSI 2023-24

- Sauda ungdomsskule hadde tilsyn på området «Skulebasert vurdering», saman med Fløgstad skule i 2021. Til liks med Fløgstad skule fekk også Sauda ungdomsskule avvik på samlege område. Det er Sauda kommune, som eigar, som er ansvarlege for å ha eit system for kvalitetsutvikling, som sikrar at skulane følgjer opp lovkrav. Det er bakgrunnen for utarbeidning av system for kvalitetsutvikling.